

## Møtereferat Fil AKS-77 og Lindås kommune

29.10.2019, Knarvik stadion

Til stades frå Fil AKS-77: Jarle Sæbø (styreleiar), Erlend Vik (nestleiar), Arne Reigstad (styremedlem)

Til stades frå Lindås kommune: Line Merete Valle, eigendomssjef og Atle Vaage, fagleiar idrett og grønt.

Bakgrunn for møte er fleire innsendte saker frå AKS-77 som ikkje har vore besvart frå kommunen frå april 2019. Før møte hadde AKS-77 sendt inn ei liste med punkt for møtet – denne blei brukt som agenda. Møtet starta ved at AKS gjekk gjennom dei ulike punkta og gjorde reie for bakgrunnen. Det vart i tillegg gjort reie for at det har vore fleire nestenulukker på anlegget den siste tida. Lindås kommune bad om at slike hendingar vert sendt til fagleiar, slik at det kan leggest inn i kommunen sitt avvikssystem.

AKS-77 redegjorde for problemet med for dårlig sikkerheit på kommunens kastanlegg. Klubbens problem er det objektive ansvar som leigetakar og arrangør om en ulykke skulle inntreffe, så lenge klubben er klar over at kastbura er utilstrekkelig eller mangelfullt. Dette er en situasjon AKS-77 ikkje kan leve med. Nye regler for kastbur har vært kjent sida 2015.

### Sak 1, tryggleik på gras- og grusbane i samband med kastøvingar:

AKS peikar på at det er problem at gåande og syklende kjem langs vegen langs grusbana, og at desse er utsett pga at buret på grusbana ikkje er fullgodt til å sikra mot kast som går i feil retning. Dette må utbetrast straks. Anten ved utbetring av buret, eller bygging av ekstra sikringsgjerde langs vegen.

LK infomerte om forslag om å flytta buret som i dag står på grasbana til grusbana, og kjøpa nytt bur til stadion. Som eit alternativ må kasting på grusbana opphøra til ny løysning er på plass, og all kasting går på stadion. Som eit alterantiv til nytt bur, kjem løysinga med gjerde langs vegen. Vidare peika LK på at det per no ikkje er avsett pengar til tiltaka.

AKS-77 påpeika at dette ikkje er ei god løysning før nytt bur er på plass inne på stadion, og at friidrettsklubben vil ha behov for meir treningstid inne på banen, noe som vil redusere tida for andre brukarar som NBK.

Prioritet 1 var å få nytt kastbur inne på stadion og flytte det gamle frå gressbanen til grus for å auke høgda på kastburet i forhold til slik som det er i dag.

Prioritet 2. for AKS om det ikkje fantes pengar til pri 1, var at før neste sesong (mars2020), ble oppført et høgt gjerdenett (ca 5meter) langs gangveg som går langs grusbane. Som en midlertidig løysning, for å sikre betre alle gåande og syklende som bruker denne veien.

*LK skulle sjekke økonomien og gi en tilbanemelding neste veke.(uke 45)*

AKS-77 påpeker samtidig at ved pri.2 blir det ingen forbetring inne på Knarvik stadion.

**Sak 2, utviding av grusbana i henhold til kommunestyrevedtak 21.09.2006 sak nr 73/06-88/06:**

Då det i si tid vart lagt kunstgras på 11ar bana, vart AKS lova at dei skulle få same forhold på dagens grusbane.

Kommunestyrevedtaket frå 2006 seier at grusbana skulle «utviklast». AKS etterlyser kva som skjer med dette.

LK viste til at vedtaket frå 2006 ikkje inneheldt løyving av midlar. Per no er det ikkje avsett midlar til tiltak på grusbana.

### **Sak 3, betre slodding av grusbana etter vinterbruk:**

Grus vert slodda stadig lengre ut over. Dette gjer kvaliteten på bana dårlegare. LK svarar at kommunen sjølv vil ta seg av slik slodding etter komande vintersesong for å få mest mogleg grus inn att på bana.

Dette pkt ser AKS-77 på kun som info. Pkt vart hoppet over grunna at eigedomsjefen hadde dårlig tid. Var ikkje drøfta på sjølve møtet.

### **Sak 4, straum kastringar grusbana:**

AKS viser til kommunestyrevedtaket frå 2006. Då det i si tid vart lagt kunstgras på 11ar bana, vart AKS lova at dei skulle få same forhold på dagens grusbane. AKS viser til at klubben blant anna hadde framført straum på dugnad til kastringar. Lovnaden den gang var at klubben fikk same forhold etter flytting til grusbanen.

LK ga uttrykk for at enklaste løysing var å hente strøm fra Eikanger bjørsvik huset, her var det oppgraving over vegen som skulle til for å få frem strøm.

Aks spurde kvifor ikkje dette vart gjort når vegen var gravd opp for å skaffa straum til ny vegbom.

### **Sak 5, lysanlegg grus- og grasbane:**

AKS ønskjer lysanlegg på begge baner. Hastar mest med å oppgradera på grusbana. Beste løysing truleg å bytta eksisterande armatur med nye led-armatur og montera 2 lampar i stade for 3 på kvar stolpe. LK sjekkar med elektro kva som kan gjerast på grusbana.

LK viser vidare til at lysanlegg på stadion må sjåast som eit eige anleggsprosjekt, og at det må fremmast via idrettsrådet til anleggsstrategi

LK påpekte at kommunen hadde gjort en del med lysene i 2018, når de hadde fått statlige krisemidlar. AKS informerte om at når lys og lydanlegg ble oppgradert var dette totalt ukjent for klubben, og klubben fekk ingen påverknad på dette.

LK informerte at lysanlegg berre gjaldt utskifting av lysanlegg 11ar kunstgras, og at både AKS og Knarvikmila var informert om lydanlegg ved rekkjevis Arne Reigstad og John Flatøy.

### **Sak 6 og 7, styrkerom for frivekter/garasjebygg:**

AKS viser til at dette hastar, og at dei helst ønskjer eige bygg der den gamle rubbhallen stod. Klubben er villeg til å kosta dette sjølv.

LK viser til at det er fleire som ønskjer eit slikt rom, og at det kan kombinerast med andre ønske i trimsalen i Nh-hallen. Men dette er avhengig av løysing på saka om kampsportrommet i Knarvik Arena. Førrebels uavklart kor tid det kan skje. Dersom AKS ønskjer å byggja sjølv, må klubben først kontakta byggesaksavdelinga, deretter må LK ta stilling til om AKS får disponera den aktuelle tomte.

AKS peika vidare på at klubben helst ønskjer å byggja eit stort bygg ved sidan av NBK-bygget for å samlokalisera Knarvikmila og AKS 77. Dette vil gjera at garasje ikkje er eit behov lenger.

AKS-77 er einig i at det beste vil vera å lage styrkerom i trimsal snarast, er det beste alternativ.

AKS-77 informerte om at klubben har venta så lenge på svar frå kommunen, at klubben må sette i gang alternative tiltak for å ta vare på ungdommen i klubben. Da er det beste tiltaket å bygge eige styrkerom/ garasje på den tomte der gamle rubbhall stod. Ein kan ikkje vente i årevis på svar.

### **Sak 8-9, kor tid går leige/festeavtalar med NBK og Eikanger/Bjørsvik ut?**

AKS ønskjer informasjon om desse to bygga i høve tidsperspektiv for framtidige planar.

LK opplyste at NBK-huset står som følge av kommunestyrevedtak, kjenner ikkje til festeavtale på tomte. Men huset har fått spelemidlar, og er dermed bunde til 2032. Eventuelt må ein betala tilbake spelemidlane. EBML har leigeavtale som går 25 år frå og med 01.08.2004.

Når det gjeldt alle planar om utvikling av idrettsparken, viser LK til anleggsstrategi for Alver kommune. Kommunen sin administrasjon jobbar ut frå politiske bestillingar og det ligg per i dag ingen bestilling på prosjekt i idrettsparken.

AKS-77 påpeika i møtet at klubben trur at ingen ting vil endre seg på område før desse leige avtalane går ut. Derfor ser klubben på å reise stort klubbhus / garasje til styrketrening for eigen regning, for at ikkje all utvikling av klubben stoppar opp.

Sak 10 og 11 ble ikkje tatt opp på sjølve møte. Når desse saken ble drøfta var fleire av møtedeltakarane gått. Desse saken vart i møtet å sjå på som utveksling av informasjon.

### **Sak 10, straumuttak 230V/ 400V ved tribunar:**

LK viser til at kommunen ikkje har behov for 400V, dette må eventuelt arrangørar vurdere å kosta sjølv. LK sjekkar moglegheit for å utbetra forsyning av 230V.

### **Sak 11 ny sand, kulesektor stadion:**

AKS viser til at sand i sektoren er av feil type og alt for mjuk. LK sjekkar kva som er nytta andre stader og melder tilbake framlegg til løysing.

LK lova i møtet skriftleg svar på AKS sine spørsmål i løpet av veke 45.

Atle Vaage - ref